



Notat

Dato: 25.02.2016
Arkivsak: 2014/16773-16
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging av IA-avtalen - status mars 2016

Det vert vist til HAMU-møtet 04.09.2015 og melding om status i planarbeidet for IA i HFK pr. august 2015, og til HAMU-møtet 23.10.15 der IA-plan for Tannhelsetenesta vart lagt fram.

Vidare vert det vist til det overordna plandokumentet «Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018».

Fylkesrådmannen er nøgd med at alle avdelingar no har utarbeidd eigne IA-planar med mål for nærværprosent og lokale IA-tiltak.

Fylkesrådmannen har som nemnt i meldinga til HAMU i september 2015 utarbeidd ei skriftleg rapportering på den overordna IA-planen, sjå vedlagte handlingsplan med status pr. mars 2016. Dei fleste tiltaka er gjennomført eller under oppfølging. Fleire av tiltaka er prosessprega lokale aktivitetar, som ikkje er kartlagt, ref. tiltak nr. 5, 13 og 17. Andre tiltak vert direkte eller indirekte kartlagt gjennom Eigenkontrollen, sjå eiga sak.

Nærværsmåla er i liten grad oppnådd ut frå statistikk for 2015, jf. tiltak 6 og 7. Unntak er Tannhelsetenesta, Regionalavdelinga og Bybanen utbygging, som ligg omrent på måltala sine. Det aukande sjukefråværet (sjå eige sak) i 2015 gir grunnlag for å vurdere meir vekt på førebygging og reduksjon av sjukefråvær i HFK. Fylkesrådmannen ber om innspel og synspunkt om dette frå HAMU-medlemmene og frå vår kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter Hordaland.

Arbeidet med livsfasepolitisk handlingsplan (tiltak nr. 16) har tatt lengre tid enn planlagt. Dette har samanheng med omorganiseringa frå personalseksjon til HR-seksjon og dei mange parallelle prosessane som denne seksjonen har arbeidd med det siste året. Ein tar sikte på å gjere ferdig eit utkast til livsfasepolitisk handlingsplan i mai månad, og framlegg for HAMU i septembermøtet 2016.

Vedlegg:

Handlingsplan for Inkluderande Arbeidsliv i HFK 2014-2018 – Status mars 2016
Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018